

Kunngjering

CO₂ Technology Centre Mongstad DA søker om endringer i løyve

CO₂ Technology Centre Mongstad DA (TCM) søker om endring i sitt løyve for uttesting av aminteknologi for karbonfangst på Mongstad i Lindås kommune i Hordaland.

Testsenteret har hausta nye erfaringar etter tre års drift, og ønskjer å auke konsentrasjonsgrensa for ammoniakk, berekne nye grenser for utslepp av totalt amin for kvar testkampanje, og endre grensa for utslepp av aldehyd.

Verksemda har hatt løyve sidan oppstarten i 2012, og har drive uttesting av fangstteknologiar for CO₂ med mål om å redusere kostnader og risiko knytt til teknologien. Løyva frå 2012 var basert på berekningar av utslepp og anbefalingar frå Nasjonalt folkehelseinstitutt om helserisiko ved eksponering av nitrosamin og nitramin. I løpet av åra med drift, har verksemda tileigna seg ny kunnskap og erfaring for å kunne gjere meir nøyaktige berekningar av eksponeringskonsentrasjon. Driftserfaring har også vist at dagens grensesetting for utslepp av amin ikkje er hensiktsmessig for denne typen testverksemd.

Verksemda søker om endring av konsentrasjonsgrensa for utslepp av ammoniakk frå 33 ppm til 100 ppm og ei endring av grensa for utslepp av aldehyd frå total årsmengde på 3000 kg til ei grense på 1 gram per sekund. I tillegg ønskjer verksemda at det i løyva må setjast krav om at det skal setjast ny grense for utslepp av amin for kvar ny solvent som blir testa i anlegget. I testsamanheng er det nyttig å forstå mekanismar som fører til utslepp, og det vil då måtte gjerast testar som fører til høgare utslepp i kortare periodar.

Verksemda opplyser om at endringane det vert søkt om vil ha neglisjerbar effekt på miljøet og vere innanfor dagens rammer for helserisiko for befolkninga. Endringane skal ikkje medføre at summen av nitrosamin og nitramin overstig grensa for konsentrasjon sett i løyva på 0,3 ng/l i luft og 4 ng/l i ferskvatn.

Dokumenta i saka og skjema for å gje elektronisk tilbakemelding finn du på <http://www.miljodirektoratet.no/horing2013-3723>.

Det er også mogleg å sende inn høyringskommentarar skriftleg til Miljødirektoratet, postboks 5672 Sluppen, 7685 Trondheim.

Søknaden er lagt ut til offentleg innsyn hos Lindås kommune og på Lindås kommune sitt bibliotek.

Fristen for å gje tilbakemelding er 17. juni 2015.